

Referat frå møte i elevrådet

onsdag 27.november 2019

Tid: kl.11:25

Stad: Møterommet i 1.etg

Til stades:

2.kl: Vilde og Alma 3.kl: Bading

4.kl: Sunniva & Miriam 5.kl: Matias

6.kl: Tina og Benjamin 7.kl: Iselin

Miljøarbeidar Ellen og rektor Anne



Sak 1 Informasjon frå rektor

Dette er det siste elevrådsmøtet for rektor Anne. Torgeir vert den nye rektoren på Seim skule frå 1.januar. Rektor Anne kjem til å sakne dykk! Ho ynskjer alle lukke til vidare med elevrådsarbeidet.

Sak 2 Saker frå klassene

- 2.klasse:
 - Ynskjer seg ein felles Aktivitetsdag/Treningsdag for heile skulen. Det kan vi kanskje få til til våren.
 - Vil gjerne ha ein leikedag der dei kan ta med seg leikar. Det høyrast ut som eit hyggeleg innspel. Klassen må gjerne ta avgjerd saman med Oda når det gjeld slike trivselssaker/aktivitetar i klassen.
- 3.klasse:
 - Var på bading i dag
- 4.klasse:
 - Har ikkje hatt klassemøte
- 5.klasse
 - Stygge ord er skrevet på skuret på Tante Martas plass og på veggen på skulen ned mot vegen, mellom 4.klasse og Amfiet.
 - Dette må vi få slutt på!
 - Kan vi få luft i ballene i skuret?
 - Kan to frå 5.klasse snakke med Torgeir, låne pumpe og pumpe opp ballane?

- Kan vi få nye stikkballer?
- 6. og 7. spiller/sparka fotball på Tante Martas plass utan lov
 - Alt fotballspel skal foregå på fotballbana!
- Skurvaktene må vere i skuret og stå der heie friminuttet!
- Stikkball:
 - Ikkje skyte ballen opp på taket når vi blir tatt i stikkball. Om vi gjer det, vert det raudt kort.
 - Alle må stå i trappa når dei blir tatt i stikkball og ikkje vase rundt
 - Ikkje ver i team med nokon
- 7.klasse:
 - Ynskjer utendørs bordtennisbord
 - Rektor tek det med som eit innspel om det vert økonomi til å gjere slike store innkjøp.
 - 7.klasse vil også ha fleire bilar og vindtett skur på tante Martas plass. Rektor kan melde det siste til Eigedomsavdelinga i Lindås. Når det gjeld bilar, vert svaret det same som til framlegget til utendørs bordtennisbord.
 - Nokre elevar kjem på skulen allereie klokka 08:00 og tykkjer det er lenge å stå ute og vente til 08:15. Det er uklart kor mange elevar dette gjeld? Førebels har ikkje skulen plan om å gå tilbake til opnedørrar kl.08:00. Problemet med det er at vi ikkje har tilsyn mellom kl.08:00 og kl.08:15. I nokre klasser var det vanskeleg å halde seg til reglane i denne tida utan tilsyn. Det var bråk, uro og nokre gongar hærverk. Inntil vidare held vi oss til regelen om opne dørar kl.08:15.
 - Andre ynskje frå 7.klasse: Speil i garderobane, få lov til å sitte inne i gang/garderoobe i friminutta, basketstativ på tante Martas plass.
 - Zip-line må strammast opp. Rektor melder frå om det til driftsavdelinga.
 - Garderobebytte i dobbeltimar er ei utfordring. Dei som har hatt gym, er ofte ikkje ferdig når neste klasse skal inn. I ein klasse løyser ein dette ved at dei som skal dusje, går i garderoben litt tidlegare. Rektor tek saka vidare til lærarane.
 - Topptrimmen: Det ryktas at nokre foreldre går på toppar og stempler for ungane som i staden er heime og gjer husarbeid. Vi håper og trur at dette ikkje er vanleg!

Sak 3 Vidare arbeid med eit trygt og godt skulemiljø

- Fordeling av uteområda:

- Det vart presisert at tante Martas plass berre skal nyttast av 5.-7.klasse i friminutta
- 5.-7.klasse har lov til å opphalda seg rundt hjørnet (ikkje berre 6. og 7.)
- **Bruken av området foran uteamfiet – evaluering:**
 - 3.klasse:
 - Delt ordning som no fungerer fint. Det er fleire som er med på stikkbball no med ny ordning.
 - 4.klasse:
 - Delt ordning som no fungerer fint. Det er fleire som er med på stikkbball no med ny ordning.
 - 5.klasse:
 - Fleirtalet i klassen vil tilbake til gamal ordning der alle i 3.-7.klasse kan vere med i alle friminutt.
- 6.klasse:
 - Vil ikkje at 5.klassingane skal vere rundt inngangen til 6./7. og hjørnet nede. Saka er ikkje drøfta i klassemøte. 6.klasse vert oppmoda til å gjennomføre klassemøte før neste elevrådsmøte. Elles oppmodar både Ellen og Anne elevane til å tenkje inkludering – ikkje ekskludering.
- **Kom & leik – evaluering:**
 - 2.klasse liker «Kom & leik». Det er gøy både ute og inne i gymsalen. Dei vil gjerne ha meir fotball når det er «Kom & leik»
 - Fadder har ikkje lov å vera med

Sak 4 Referat frå møtet i samarbeidsutvalet

Vi fekk ikkje tid til å gå gjennom denne saka. Den vart derfor utsett til neste møte i elevrådet.

Referent: Elevrådsleiar Matias og rektor Anne

